

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 12.02.2018
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Val av nye styre i underliggjande helseføretak**

ARKIVSAK: 2017/1062
STYRESAK: **022/18**

STYREMØTE: **21.02.18**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Sjukehusapoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Som representantar til styret i Helse Førde HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
3. Som representantar til styret i Helse Bergen HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
4. Som representantar til styret i Helse Fonna HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Styremedlem
Styremedlem

5. Som representantar til styret i Helse Stavanger HF blir følgjande personar oppnemnd:

Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

6. Som representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF blir følgjande personar oppnemnd:

Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgongen av februar 2018.

Styret i Helse Stavanger har 11 medlemmer der sju er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette.

Vedtektene for Helse Førde HF, Helse Bergen HF og Helse Fonna HF er føreslått endra frå kommande valperiode, jf. styresak 021/18. Styret skal no ha 11 medlemmer, der sju er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette.

Styret i Sjukehusapoteka Vest HF har ni medlemmer, der seks er eigaroppnemnde og tre medlemmer er valde av og blant dei tilsette.

Endeleg oppnemning av nye styre skjer i føretaksmøte i helseføretaka.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF oppnemnde, i sak 108/17, eit arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak. I saka blei også føringar og moment som skulle leggst til grunn for val av styremedlemmer vedtatt.

Helseføretakslova er bygd på ein føresetnad om at styra blir sett saman slik at dei har legitimitet i befolkninga, og at styret til saman innehar den naudsynte kompetanse til å ivareta det oppdrag og det ansvar styret er pålagt gjennom lovgiving og av eigar.

I tillegg til kravet om tilstrekkeleg samansett kompetanse har styret vedtatt at følgjande moment skal vere sentrale ved samansetting av helseføretakstyra:

- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- naturleg tilknytning til regionen
- habilitet
- RHF representasjon i helseføretaksstyra
- brukarkompetanse
- tid til å utføre styrevervet

Kommentarar

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styrer er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i regionen er det

Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra, og som endeleg utnemner styra i føretaksmøte.

Styresamansettinga skal vere eit resultat av ein heilskapleg vurdering med sikte på å gi det einskilte styret ein samansetting som inneber at det samla innehar den kompetanse som er ønskjeleg.

Forslag til nye styre for helseføretaka vil bli presentert i styremøtet.